

***Vedtak styringsgruppemøte FACT, 25. mai 2022***

- 1. Styringsgruppa vedtek å avvikle FACT etter prosjektperiode (ut 2022)*
- 2. Styringsgruppa ber om at kommunane i fellesskap med spesialisthelsetenesta ivaretek utvikling av samarbeid for denne pasientgruppa, og tilrår at Områdeutvalet i det nye Helsefellesskapet får saka til vidare handsaming.*
- 3. Styringsgruppa ber FACT og kommunane skrive ein sluttrapport for prosjektet i fellesskap. Slik få med erfaringar på kva som har vert utfordringar knytt til felles samarbeidsprosjekt kring organisering av felles teneste.*

## Samla frå kommunane:

Opplevd at forventningar til prosjektet ikkje har innfridd jf. målsetningane for prosjektet trass tilbakemeldingar i styringsgruppa. Opplever ikkje ei tydleg styrking av tilgjengelegheit for målgruppa og kommunane. Kommunane støttar at FACT modellen generelt er positivt, men grunna organisering i FACT NH ser ein ikkje at prosjektet har hatt den nytteverdien som var forventa. Det er vanskeleg å peike på ein faktor som kan ha ført til dette.

Kommunane peika på at geografi kan vere ein del av årsaka. Kommunane peikar også på at samanslåing av psykoseteam og FACT kan gjort til at det har vore uklårt rundt organiseringa. Forventningar frå kommunane har frå start vert at FACT skulle vere ei «*halvannaline teneste*» som låg mellom ulike eining/ team i spesialisthelsetenesta og kommunale tenester, ikkje blir ein del av ei etablert teneste i DPS. Kommunane peikar vidare på at det ikkje er nødvendig med henvising til kommunal teneste, FACT er i stor grad opplevd meir som ei spesialisthelseteneste enn ei teneste som ligg mellom nivå.

**Frå FACT:** Opplever at ein har gjort det beste ut av dei ressursane ein har hatt tilgjengeleg. Utan samanslåing med psykoseteamet trur FACT at det ville vere vanskeleg å gje eit godt tilbod grunna reduserte ressursar tilgjengeleg. Frykta at målgruppa vil få eit dårlegare tilbod ved avvikling av FACT NH.